



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Tom Dybwad, 5764 3123

Vingen landskapsvernområde - utsending av godkjend forvaltningsplan

Statsforvaltaren i Vestland sender ut godkjend forvaltningsplan for Vingen landskapsvernområde.

Forvaltningsplanen er eit hjelpemiddel for å oppretthalde verneformålet og for å fremje verneverdiane. Forvaltningsplanen er utarbeidd innanfor rammene i gjeldande verneforskrift. Planen skal også fungere som rettleiar for forvaltningsstyresmaktene. Forvaltningsplanen er ikkje eit juridisk bindande dokument, men skal avklare handtering av verne- og brukarinteresser i området.

Vingen landskapsvernområde vart oppretta ved kongeleg resolusjon 9. mai 1980. Vingen kulturminnevernområde, som omfattar den vestlege delen av landskapsvernområdet kring Vingepollen og sjøen med helleristingar, vart freda 2. november 2001 i medhald av kulturminnelova som områdefreding. Vingebu (Vingen vakthytte) vart freda 14. august 2015 som ein del av landsverneplanen for statlege bygg. Statsforvaltaren i Vestland er forvaltningsstyresmakt for landskapsvernområdet, medan Vestland fylkeskommune er forvaltningsstyresmakt for kulturminna med helleristingsfelta.

Formålet med oppretting av Vingen landskapsvernområde er «å verne eit vakkert naturlandskap med viktige kulturhistoriske særtrekk (helleristingsfelt)» (verneforskrifta pkt. III).

Statsforvaltaren har samarbeidd tett med Vestland fylkeskommune om forvaltningsplanen slik at forvaltninga av natur og kultur vert forvalta til beste for både delar. Fylkeskommunen har førebudd arbeidet med ein revisjon av gjeldande forvaltningsplan og skjøtselsplan for kulturminneområdet i Vingen, og forvaltningsplanen for landskapsvernområdet er i tråd med desse planane. Vi har sett det som ønskjeleg og viktig å samkøyre revisjon av forvaltnings- og skjøtselsplan for kulturminna med utarbeiding av forvaltningsplanen for landskapsvernområdet.

Innkomne fråsegner til høyringa

Framlegget til forvaltningsplan vart lagt ut på offentleg høyring 10. mai 2021, med høyringsfrist 15. august 2021. Det kom inn fire fråsegner til framlegget, frå Universitetsmuseet i Bergen, Svelgen Kraft AS, Vestland fylkeskommune og Solveig Irene Ytre-Hauge. Fråsegnene er tekne omsyn til og



innarbeidde så langt det har vore mogleg. Mellom anna vil Svelgen Kraft bli inviterte til å vere med på dei årlege forvaltningsmøta etter ønskje om det.

Artskartlegging

Sommaren 2021 gjennomførde Miljøfaglig Utredning ei artskartlegging i Vingen landskapsvernområde. Dei viktigaste resultatane frå kartlegginga er innarbeid i den godkjende forvaltningsplanen. Kartlegginga viser eit relativt høgt artsmangfald, og det er påvist om lag 180 karplanteartar og 40 moseartar. Mange av moseartane er oseaniske. Det er registrert 10 naturtypelokalitetar: naturbeitemark, kystlyngheier, kystmyr og nordvendte berg og flomdam. Tre lokalitetar av nordvendte kystberg har fått verdien A – svært viktig. Av raudlisteartar må nemnast dei store funna av fossegrimemose (EN - sterkt trua) og praktdraugmose (VU - sårbar).

Rapporten finn ein på Statsforvaltaren si internettside av 9. november 2021;

<https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/miljo-og-klima/verneomrade/ny-rapport-syner-hogt-artsmangfald-i-vingen-landskapsvernomrade/>

Forvaltningsplanen for Vingen landskapsvernområde med vedlegg vil også bli lagt ut på vår internettside: <https://www.statsforvalteren.no/vestland/>

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

Forvaltningsplan for Vingen landskapsvernområde med

- Verneforskrift for Vingen landskapsvernområde av 9. mai 1980
- Kart over Vingen landskapsvernområde og Vingen kulturminneområde
- Fotovedlegg Vingen landskapsvernområde og kulturminne
- Riksantikvaren sitt brev av 2. november 2001 om freding av Vingen kulturminneområde
- Forskrift om freding av Vingen kulturminneområde av 2. november 2001
- Oversikt KULA-område (framlegg) Vestland fylkeskommune sept 2020



Mottakerliste:

Universitetsmuseet i Bergen

Magnar Tore Vingen

Svelgsdalen jaktvald

Bremanger kommune

Miljødirektoratet

Elkem Bremanger

Riksantikvaren

Kristin Farestveit

Rune Vingen

Tor Hanson

Rolv og Anja Vingelven

Ingrid Vingen Vedeld

Vestland fylkeskommune

Svelgen Kraft

NLR Vest SSA

Signe Hanson